




# ÅRSMØTEPAPIR

**VIKEDAL UNGDOMSLAG**

# 2024

**10.03.25**

Vikedal Bygdahus



## SAKLISTE ÅRSMØTE 2024

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar
3. Årsmelding 2024
4. Regnskap 2024
5. Budsjett 2025
6. Val 2025
7. Aktivitetskalender 2025
8. Innkomne saker
  - Spørsmål om støtte til klatreveggprosjekt frå Vikedal Klatrevegg
9. Eventuelt



## ÅRSMELDING 2024

### Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Stina Kvaløy Krokedal (styremedlem), Monica Isaksen (vara), Daniel Roda Espevoll (vara).

Styret har hatt lite fysiske møte, kommunikasjon har helst gått på lukka Facebook-gruppe. VUL har behandla ein god del saker fortløpande på ein god måte.

VUL har som vanleg mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. Også dette året har VUL gitt støtte til lønsutgifter til instruktør for dansekurs for småskulen. Til dette fekk me støtte frå frifondet til Noregs Ungdomslag.

Også i år har me fått noko inntekt på utleige av lyd – og lysanlegg dette.

VULyd gruppa har hatt eit par rundar nede på huset og rydda. Det er endeleg sett opp hyller i lagerrommet, på den måten har me meir orden og oversikt. Det er montert kodelås inn til rommet, dette er med på å gjera at det er meir kontroll på kven som går inn og ut. Dør inn til vaskerom er blokkert slik at det vert meir plass til lagring. Det er planar om å få hengt opp høgtalarar i salen og leggje opp til eit enkelt system for «konfransier og musikk» på anlegget, dette gjer at VUL ikkje må tilkallast for slike enkle oppdrag. Dette skjer i samarbeid med Vikedal bygdahus. Då kan ein ved runde dagar, bryllaup og generelle arrangement som juletreff og anna enkelt kople opp lyd og projektor.

VUL har hatt nokre arrangement i løpet av 2024, det blei arrangert vårfest m/Gunny og PSB 16.mars. Her kom det ca 150 mann og det var ein kjekk kveld. Takk til «revygiengen» for godt arbeid i bar og elles som ordensvakter denne kvelden.

I mars var det dansekurs for 1.-7. klasse, noko me vil gjenta i 2025 også. Det er eit kjekt tilbud for dei som ikkje er så aktive med ballidretten.

Sommarfestivalen i Vikedal var tilbake i juli og her hadde VUL undehaldning for barna ved gode gamle Kaptein Hjørnetann. I år var det Vegard Blikra som tok på seg rolla som den snille piraten. Det var stor suksess nok ein gong med dette innslaget for barne, som fekk jakte på gullpengar saman med Kaptein Hjørnetann. Dei klarte også å spore opp Jarl Magnus Lien, som er ein av drivkreftene bak Vikedal Pumptrack, som dei etter kvart tvinga til å gå planken. Det var også høve til å ta bilder saman med kapteinen etterpå.

# Vikedal ungdomslag



...for ei aktiv bygd!



V.U.L har søkt og fått desse midlane i 2024:

- Frifondsmidlar:	10.606 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune:	10.000 kr
- Støtte frå Haugesund Sparebank sitt gåvefond på	15.000 kr
- MVA kompensasjon:	19.847kr

Dette året fekk VUL heile **14.230,93 kroner** som Grasrotmottakar. Dette er ny rekord for oss som organisasjon. Me håpar etter kvart enda fleire set VUL som grasrotmottakar, dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

2024	1.sep. - 31.des.	27	5 566,88 kr
2024	1.mai - 31.aug.	28	4 247,47 kr
2024	1.jan. - 30.apr.	27	4 416,58 kr

Den 17. mars 2024 inviterte Rogaland Ungdomslag årsmøte på Rossabø Ungdomshus. VUL fekk dessverre ikkje høve til å stille med delegat på dette årsmøtet.

Vikedal bygdahus arrangerte årsmøte for 2023 den 14. mars 2024. Her var Vikedal Ungdomslag representert med fem deltakarar, like mange som laget har delegat. Her blei to av VUL sine representantar vald inn som nye styremedlem i Vikedal Bygdahus. Ein i styret og ein vara. VUL meldte seg i årsmøtet då det var problem med å få folk i styret til bygdahuset. På årsmøtet her blei det også vedtatt følgjande som involverer VUL:

d. *Styret lagar dugnad for oppussing salen, gulv og vegger*


Vikedal Ungdomslag ønskjer å ha ekstra fokus på denne delen av huset og får mynde til å gjennomføre rydding og oppussing mm. V.U.L informerte om planar for amfi som laget har kjøpt inn.

**Vedtak:**

Årsmøtet gir V.U.L fullmakt til å lage planar for gjennomføring av oppussing og anna i salen, samt lage ein plan for amfiet og presentere dette for styret/årsmøtet.

Dette har ikkje VUL hatt kapasitet til å gjennomføra, men det er ikkje sagt dette skal skje i 2024. Så vidare plan om oppussing og dugnad i sal er på gong.

Når det gjeld amfiet, som VUL lagrar på Røde Kors huset, skal styret leggje fram ei sak på det komande årsmøtet for Vikedal bygdahus 6. mars 2025.



I samband med representasjon så blei, som vanleg, VUL invitert til Sandeid UL sitt teater 17. februar 2024 og barneteater «Hakkebakkeskogen» 30. november 2024. Her var VUL representert, gratulerer til SUL nok ein gong for flott gjennomført teater og barneteater.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år med mykje kjekk aktivitet for barn og unge i Vikedal og omegn.

**Takk for i år!**

07.03.25

**Nils Erik Eide**

Leiar Vikedal Ungdomslag

# Vikedal ungdomslag



...for ei aktiv bygd!



## REKNESKAP 2024

<b>Regnskap for Vikedal Ungdomslag 2024</b>		
<b>Inn</b>		
<b>Dato</b>	<b>Konto: 3244.05.20501(Brukskonto)</b>	
	<b>Beløp NOK</b>	
02.01.2024	Norsk Tipping AS	3454,61
31.01.2024	Vipps - Betaling for danseundervisning/medlemskontigent	98,24
01.02.2024	Vipps - Betaling for danseundervisning/medlemskontigent	98,24
02.02.2024	Vipps - Betaling for danseundervisning/medlemskontigent	245,6
05.02.2024	Vipps - Betaling for danseundervisning/medlemskontigent	49,12
06.02.2024	Vipps - Betaling for danseundervisning/medlemskontigent	1277,16
06.02.2024	Vipps - Betaling for danseundervisning/medlemskontigent	392,98
18.03.2024	PayPal Inc. - Billetter vårfest - Innskudd	21172,77
19.03.2024	Vipps - Vårfest - Innskudd	28197,49
19.03.2024	Vipps - Vårfest - Innskudd	4617,7
20.03.2024	LinTicket AS - Billettsalg vårfest	13599,99
21.03.2024	Gro Anett Espevoll - Vårfest - Retur av varer	2596,9
02.04.2024	Rogaland Ungdomslag - Aktivitetsstøtte til danseundervisning for barn	8000
04.04.2024	Vårfest - Innskudd kontanter(4450 kr), og retur vekslepenger(4500 kr)	8950
08.04.2024	Medlemskont. (Bjørn Gjerde)	300
15.04.2024	Medlemskont. (Szymon Jacek Bartczak)	300
20.04.2024	Medlemskont. (Anne Karin Hårjuvet)	300
29.04.2024	Vindafjord kommune - Driftstilskudd	10000
13.05.2024	Norsk Tipping AS	4416,58
11.09.2024	Norsk Tipping AS	4247,47
05.12.2024	Vindafjord kommune - Vikedal skule - Leie av lydutstyr FAU fest 2023 og Juleball 2023	3000
27.12.2024	Noregs Ungdomslag - Frifondmidler	19847
27.12.2024	Noregs Ungdomslag - MVA kompensasjon	10606
<b>Sum</b>		<b>145767,85</b>



# Vikedal ungdomslag



...for ei aktiv bygd!




Dato	Konto: 3244.05.18817 (Sparekonto)	Beløp NOK
18.10.2024	Overføring fra Brukskonto VUL til Sparekonto VUL	50000
31.12.2024	Kreditrenter	1087
	<b>Sum</b>	<b>51087</b>

Saldo i Haugesund Sparebank 20.02.2025:

<b>Brukskonto</b>	3244 05 20501	<b>74 382 kr</b>
<b>Sparekonto</b>	3244 05 18817	<b>82 981 kr</b>
<b>Totalt på konto</b>		<b>157 363 kr</b>





## BUDSJETT 2025

***Forslag til vedtak:***

*Styret får årsmøtet si godkjenning til å utarbeide budsjett for 2025 på første styremøte etter årsmøtet.*



## VAL 2025

### **Styret for 2024 har vert:**

- Gro Anett Espevoll (1 år)
- Nils Erik Eide (1 år)
- Tone Helen Halleraker (2 år)
- Venke Særsten (2 år)
- Johannes Holten Leifsen (2 år) (erstatta av Monica Isaksen midt i året)
- Stina Krokedal (1 år)
- Daniel Roda (1 år)

### **Det nye styret for 2025 vert foreslått slik:**

- Gro Anett Espevoll (2 år) – attval
- Nils Erik Eide (2 år) – attval
- Tone Helen Halleraker (1 år) – ikkje på val
- Venke Særsten (1 år) – ikkje på val
- Monika Isaksen (1 år) – ikkje på val
- Stina Krokedal (2 år) – attval
- Daniel Roda (2 år) – attval

### **Forslag til vedtak**

Årsmøtet vedtek det nye styret for 2025.

Styret har signaturett.

Det nye styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet.



## AKTIVITETSKALENDER 2025

<i>MND</i>	<i>AKTIVITET</i>
Mars	<ul style="list-style-type: none"> <li>- (Årsmøte VUL for 2024, måndag 10.)</li> <li>- Søknad driftsmidler kommunen – frist 15.</li> <li>- Årsmøte Rogaland Ungdomslag ?</li> </ul>
April	
Mai	- Lyd 17.mai
Juni	- Lyd Ølmedal Rundt 1. juni (2.pinsedag)
Juli	- Kaptein Hjørnetann under Sommarfestivalen 12.
August	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebu søknad om frifondsmidler NU (frist 1.sept)</li> <li>- VUL-disko 15.</li> </ul>
September	- Frist søknad Frifondsmidler søndag 1.
Oktober	
November	- Haustfest?
Desember	
Januar <small>(2026)</small>	
Februar <small>(2026)</small>	- Førebu årsmøtet i mars
Mars <small>(2026)</small>	- Årsmøte måndag 9.